

KLASSEKAMPEN

Ansvarlig redaktør: Mari Skurdal
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen
 Nyhetssjef: Simen Tallaksen og Lars Unar Larsen Vegstein
 Kulturredaktør: Bendik Wold
 Utenriksredaktør: Mari Eifring
 Featureredaktør: Velaug Hobbeltstad Sælid
 Politisk redaktør: Bjørgulv Braanen
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy
 Utgitt av © Klassekampen AS.
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

Ubalanse

■ Hovedmålene for norsk landbrukspolitikk er matvaresikkerhet, selvforsyning, bærekraftig drift over hele landet og utnyttelse av begrensede jordbruksareal. Klimatiske forhold, topografi og generelt høyt kostnadsnivå gjør at landbruket har små muligheter til å konkurrere på like vilkår med storprodusenter fra andre land. Det er derfor enighet om at landbruket må ha beskyttelse i form av tollvern og subsidier. Ettersom bøndene får offentlig støtte, produserer de i liten grad for eksport. Stikk i strid med målsettingene for landbrukspolitikken har Norge gjennom EØS-avtalens artikkel 19 forpliktet seg til liberalisering av handelen med landbruksvarer med EU, selv om Norge ikke er en del av EUs marked for landbruksvarer eller underlagt EUs landbrukspolitikk.

■ Selv om EØS-avtalen forplikter oss til handelsliberalisering, er det en klausul i avtalen som beskytter norske interesser. Der heter det at endringer skal skje innenfor den enkeltes landbrukspolitikk og på «gjensidig fordelaktig basis». Likevel har importkvotene fra EU økt betydelig ved hver forhandling. En gjennomgang Stortingets utredningsseksjon har gjort for SV, tidligere omtalt i Nationen, viser at utviklingen i handelen med landbruksvarer på ingen måte har vært gjensidig fordelaktig. I 2018 importerte Norge jordbruksvarer for 66,5 milliarder, det meste fra EU, en økning fra 16,6 milliarder i 2000.

■ En utredning fra Agri Analyse bekrefter inntrykket av at forhandlingene med EU ikke har vært i samsvar med EØS-avtalens intensjon om fordel for begge parter. EU har fått store kvoter av høy økonomisk verdi som utnyttes fullt ut, mens Norge har små kvoter av lav økonomisk verdi som vi ikke har mulighet til å utnytte. Det har ført til ekstrem ubalanse. EU har gjennom de framforhandlede avtalene fått en urimelig fordel på bekostning av norske interesser. Det har ført til at målene for landbrukspolitikken er undergravd. Norsk landbruk er avhengig av at utviklingen snus. Norge må derfor utnytte handlingsrommet i EØS-avtalen til å begrense handelsliberaliseringen og beskytte importvernet.

BJØRGULV BRAANEN

Strandet i stredet

Kalenderen

25. OKTOBER

Tre uker og tre dager etter at formann Mao Zedong hadde proklammert Folkerepublikken Kina fra Tinnanmen, inngangen til Den forbudte by, tapte Folkets frigjøringshær det siste avgjørende slaget om Taiwan. Generalissimo Jiang Kai-shek og hans Guomintang hadde søkt tilflukt på øya etter Japans kapitulasjon i 1945, og i dag er det 70

år siden slaget om Guningtou, også kjent som slaget om Kimen (Quemoy) i Taiwanstredet.

Etter proklamasjonen av Folkerepublikken begynte Guomintang å trekke seg ut av fastlandet til Taiwan. Garnisonene på øyene Kimen og Matsu tjente som bryhoder til Taiwan fra Fujian-provinsen med soyasausbyen Xiamen (Amoy). Frigjøringshæren, under general Ye Fei, mente at garnisonene måtte tas før invasjonen på Taiwan og planla angrepet fra



Ye Fei

Aotou, Dadeng og Lianhe med 9000 soldater i første og 10.000 i andre mot Kimen, mot det man antok var 12.000 mann. Anslaget var feil, og garnisonene hadde hatt tid til å forberede angrepet, lagt ut 7455 landminer i oktober og bygd 200 bunkere på strendene. Fartøyene var dessuten for store for de lumse farvanene ved landingsstedet Longkou.

27. oktober hadde frigjørings-troppene gått tom for mat og ammunisjon og overga seg. **PMJ**

I Bokåret 2019 er papirboka ein framand teknologi i norsk skole.

Helpdesk 2019



Guri Kulås

FOKUS

Komikarane Øystein Bache og Rune Gokstad skapte i 2007 eit internettfenomen med sketsjen «Helpdesk i middelalderen». Her prøver ein framoverlent munk å hjelpe ein tungnær ordensbror med overgangen frå pergamentrull til bok: Korleis får han opna dokumentet når han ikkje kan rulla? Korleis skal han koma tilbake der han var, når han har bladd om? Og kor blir det av teksten når han lukkar permane? Sketsjen tar rettleiing i pc-bruk på kornet. For dei som starta digitaliseringa med MS-DOS og WP, er det lett å kjenna seg att i begge rollene.

Barna som kom til verda i 2007, er straks ferdige med barneskolen. Tolvåringane er ikkje berre digitale innfødde, men digitale heimfødde som trivst best i det blå lyset frå mobiltelefonane sine. Somme tider kan dei verka hjelpelause når dei ikkje er på nett, til dømes i møte med papirboka. Dei kunne faktisk hatt god bruk for ein «middelaldersk» helpdesk!

Eg har trudd at slik rettleiing var ei sentral oppgave for skolen – attåt heimen. Men etter å ha følgt to barn gjennom grunnskolen har eg lært at digitale læremiddel er det

sentrale, og at læreboka blir meir og meir marginal.

Rett som det er, stiller barna spørsmål frå pensum. Då nyttar det ikkje å seia at «du finn svaret i læreboka di», for det å bli tilbake i ei bok er ikkje ein av dei talrike, abstrakte «læringsstrategiane» som elevane må bala med heilt frå småskolen. Dei les heller ikkje nok i fagbøkene til å bli røynde lesarar, og dermed blir det tungt å konsentrera seg om innhaldet. Difor opplever dei – som munken i sketsjen – at kunnskapen «forsvinn» idet dei blar om til ei ny side.

Mistanken om at vi lever i ein slags digital mellomalder blir styrkt av

«Vi les mindre konsentrert på skjerm enn på papir»

funna til professor Marte Blikstad-Balas ved Universitetet i Oslo. Ho forskar på læring og slår fast at vi les mindre konsentrert på skjerm enn på papir. Dei mange distraksjonane skjermen byr på, gjer at vi generelt les kortare tekstar og hugsar mindre av innhaldet – vi kan jo «googla» opplysingane seinare. Rastløysa smittar over på boklesing.

Forfattarar som Klassekampen har intervjuva i haust, fortel også at barn går lettare lei av bøker enn før. Litteraturformidlarar med mange års røynsle frå norske klasserom merker at elevane slit med å lesa lengre, skjønner litterære forteljingar. Dei vel bort bøker utan

illustrasjonar og les ofte bøker skrivne for yngre barn. Blikstad-Balas meiner innsikta frå leseforskinga burde få konsekvensar i skoleverket (NRK Innlandet, 19. juli).

I Kunnskapsdepartementet held dei seg visst med andre ekspertar. Skjermbruken i skole- og leksearbeid aukar som aldri før. Digital kompetanse er definert som grunnleggjande ferdigheit i forskriftene til Opplæringslova og blir så sterkt vektlagt av Utdanningsdirektoratet at ein kan frykta at mediet har vorte viktigare enn alt anna. «Ipad-skolar» er ein del av den radikale norske digitaliserings-

ringa, som ikkje verkar særleg prega av den «føre var-tenkinga» Blikstad-Balas målber.

Bok og lesing er den mest samfunnsbyggjande «teknologien» i verdshistoria. Har høgresida gløymt den

innsikta av redsle for å gje «gamle svar på nye problem»? Og har venstresida svikta skriftkulturen for å ta kampen mot digitale klaseskilje? Kor godt rusta for framtida blir forsøkskaninane i den pedagogiske digitalrevolusjonen? Og kva for skilje vil oppstå mellom dei som greier å konsentrera seg om lesing, og dei som ikkje greier det?

Ein rapport frå Unicef i fjor viste store sprik i norske barns leseferdigheiter, eit varsku om sosial ulikskap i vaksen alder. Det mest alarmerande var at spriket aukar gjennom skoleløpet. Det var det einskapsskolen skulle motverka.

Guri Kulås

guri.kulaas@klassekampen.no

NOBELKOMITEEN

AV ANDREAS IVERSEN OG ANDERS BORTNE

